

turfte, og brukte billigare brensel istaden. Og billigare brensel enn torv kunna dei ikkje finna, og difor byrja dei med det, eller skulde gjort det. Av ein eller annan grunn var dei kanskje ikkje huga paa aa byrja med torvet; men dei tærde heller paa skogen, sjølv um han var ut-hogd, og dei hadde torvmyrar paa egedomen sin.

Torvet som me hev i torvmyrane vore er eit godt brensel. Billigt er det. Mange hev berre det vesle arbeidet med aa ta torvet upp or myri, turka det og faa det til gards. Det er heile kostnaden. Veden t. d. vert dyrare, og dertil kjem at torvet eldar betre. Veden er og som oftast arbeidsom aa raa til. Sjølv um det er ein som ikkje hev nokon torvmyr paa egedomen sin, men gjeng til grannen, eller den næraste som hev torvmyr, og betalar nokre krunor for at faa ta upp eitpar lass i myri hans, so vert det likevel billigt brensel.

Tenk um me kunne minka paa den store kolinnførsla vaar ved aa byrje nytta ut torvmyrane vore! Og me kan det berre me vil. Myrane ligg der, og den tid som trengst til arbeidet, kan mange avsjaa um dei berre vil. So kan ein anden selja torvet, eller ved, som ellers vart oppbrent. Sjøvsakt maatte det vera slik pris paa torvet at arbeidet lønte seg, ellers var det ikkje aa venta at nokon vilde laga torv til sals. Lat me oss sjaa um me ikkje kan varta nokosonær sjølhjelpet med brenselet, ved aa nytta ut alle torvmyrar. Det var godt aa vera sjølvhjelpet, naar det t. d. enigong vart vrangt aa faa heim steinkol att.

Men me maa ikkje sløsa med torvet og torvmyrane, sjølv um me hev mange av dei. Me maa huska paa at dei skal vara lenge, so lenge som raa er; og det er vel greit at torvet meir og meir vert teke i bruk som brensel. Og difor vil etterkomann vera glad at det er fare fint med torvet, som daa er kome i høgre værði. Men difor gjeld det og fyrr den som eig torvmyrar, aa passa paa at dei høyrer til garden, og ikkje sel dei til jobbara og dilik.

---

## LITTERATUR

I kommission hos P. F. Steenballe's bokhandel, Kristiania er utkommet og faaes i bokhandelen og hos landhandlere:

1. *Heje's Lommealmanak for landmænd, meierister og skogbrukere 1922*, 30. aargang.
2. *Heje's Lommealmanak for skogbrukere 1922*. 10. aargang.

Disse to lommealmanakker er saa gamle bekjendte og saa almindelig anvendte at de er blit en nødvendig lommebok for enhver gaardbruger og skogbruger.

---